



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykker:
Vår: 21/8835 - 21/70535

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2021

Uttale - søknad om endra eller utvida bruk av avkjørsle - Gnr 239/94 Eknes

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har motteke ei søknad om endra eller utvida bruk av eksisterande avkjørsle for Gnr 239/94 Eknes.

Informasjon om saka:

Saka gjeld søknad om endra eller utvida bruk av eksisterande avkjørsle for Gnr 239/94 Eknes. Da avkjørsla ligg i regulert område vil samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gje ei uttale til byggesak.

Det er søkt om dispensasjon fra reguleringsføresegn for reguleringsplan for Eknes, del av gnr 239, Planid 1263 15021979 der det i § 5 er fastsett at: «*Både garasjar og biloppstillingsplann kan leggast til felles parkeringsareal*».


Det har vore litt att og fram for å få løyst vegtilkomst til eigedom Gnr 239 bnr 11, 42, 94 og 96. Eigarane av Gnr 239/1 (Lindås kommune) og Gnr 238/3 har inngått ei avtale der dei nemde eigedomane får vegrett på vilkår. I erklæring om vegrett er det satt følgjande vilkår:

1. Lindås kommune (som grunneigar), gjer med dette eigedomane gbnr. 239/42, 94, 11 og 96, rett til gjennomkjøring og opparbeiding av veg på gbnr 239/1 i samsvar med reguleringsplan. Dog ikkje der det er vist parkeringsplassar på reguleringsplankartet, med unntak av dei nærmaste 3 plassane. Se pil på figur.
2. Veglaget har alle rett til bruk av privat veg øst for tomtene på gbnr 238/3 som munner ut i regulert parkeringsplass.
3. Gbnr 239/42 skal ha innkjørsel til eigen tomt via privatveg på gbnr 238/3, ikkje via gbnr 239/1.
4. Heile vegen frå krysset (raudt kryss på figur) og fram til eigedomsgrensa til gbnr 238/1 vedlikehaldes og brøytes av veglaget. Lindås kommune eig vegen og grunnen.
5. Avtalen faller vekk dersom privat veg ikkje er godkjent av Lindås kommune ved byggesak innan utgangen av 2017.
6. Lindås kommune føresetendeleg at søknad om tilkomst som skissert over, samt denne erklæringa, vert send på høyring til alle involverte rettshavarar.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Slik vi forstår avtalen, skal veglaget (som består av dei respektive eigedomane) opparbeide ny tilkomstveg i grense mot Gbnr 239/65. Dette kravet er satt for å sikre at 7 av 10 regulerte parkeringsplasser.

Uttale:

Av innsendt søknad ser vi at kommunen sin midlertidige snuhammer er vidareført som vegtilkomst. Vegen må opparbeidast ihht krav satt i vegretten. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett følgjande vilkår for utvida bruk av eksisterande avkjørsle (merket som X i erklæringa):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vognormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siksone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognivå. Siksone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Privat veg skal være opparbeida ihht erklæring om vegrett.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen si heimeside: www.alver.kommune.no

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG